



Naturleg balanse

Norheimsund okt 2011

## Om pH i hudpleieprodukter

Alle produkt til bruk på hud har ein pH verdi. Denne verdien er heilt avgjerande for om produktet er skadeleg eller til nytte. Tidlegare hadde alle såper og sjampoar høg pH. I dag veit me at alkaliske såper er tøffe mot huda. Typisk i så måte er grønsåpa som har pH på over 10 og fjernar effektivt det viktige feittlaget.

I dag er det framleis mange såper som har for høg pH. Under har eg lista opp tre grunnar til at det er skadeleg for huda.

- Dei fleste såper og sjampoar fjernar feitt frå huda. Derfor oppstår feitttranda i badekaret etter bading. Ved pH 4(Optima) er denne fråværande(tilbakemelding frå kunde).
- Stafylokokkar, streptokokkar og andre skadelege bakteriar ved hudplager veks best ved pH 6-8. Ved pH under 4,5, og i nærvær av organiske syrer, får desse bakteriane problem med å overleva, mens den nyttige normalfloraen blir lite påverka.
- Proteaser er viktige enzym for mange funksjonar i kroppen. I normal hud er det balanse mellom protease og proteasehemmar. Når hudplager og sår utviklar seg har det blitt ubalanse i dette systemet; proteaseaktiviteten er blitt for stor. Det medfører at cellebindingane løyser seg opp og gjer det lettare for aktuelle bakteriar å få fotfeste. Proteaseaktiviteten er styrt av pH. Aktiviteten er størst ved pH 7-8,5. Ved pH 4-4,5 er denne sterkt redusert.

Alle tre punkta er viktige for såper og sjampoar. Det første punktet er sjølsagt uaktuelt for andre hudpleieprodukter. For desse er dei to siste punkta endå viktigare. Dette fordi dei blir værande på huda.

Låg pH er særleg viktig for folk med hudplager og folk som er disponerte for slike plager. Som førebyggjande tiltak er det viktig for alle.

pH 5,5 i såper og sjampoar, som enkelte brukar i dag, er mykje betre enn pH 6,5-10. Truleg fjernar dei mindre feitt frå huda. Men som dei to siste punkta viser er ikkje pH 5,5 lågt nok.

Punkta ovanfor viser at pH er ein av dei viktigaste faktorane i hudpleieprodukter, kanskje den viktigaste! Ved hudplager er det lite hjelp i gode ingrediensar i eit produkt hvis for høg pH tillet fjerning av feitt, vekst av skadelege bakteriar, og høg proteaseaktivitet.

Magne Skjervheim, Optima produkter as